

ETNE KOMMUNE  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNE

**Vår dato:** 17.02.2025

**Vår ref.:** 202412920-5 Oppgje ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## Høyring av melding om ny 420 kV kraftleidning Sauda–Gismarvik

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke ei melding frå Statnett SF for ny 420 kV kraftleidning frå Sauda transformatorstasjon til Gismarvik transformatorstasjon i Rogaland. Meldinga gjev ei overordna beskriving av Statnetts planar og forslag til kva konsekvensutgreiingar dei meiner må gjennomførast før det kan søkjast om konsesjon. Tiltaket påverkar Sauda, Etne, Vindafjord og Tysvær kommunar.

**Høyringsfristen er sett til 4. april 2025.**

Meldinga er tilgjengeleg på NVE sine internetsider [www.nve.no/20434/A](http://www.nve.no/20434/A).

### Invitasjon til folkemøte

NVE held offentlege møte i Sauda, Vindafjord og Tysvær kommunar. Under følgjer informasjon om tid og stad for dei ulike møta NVE no inviterer til. Alle møta byrjar kl. 19.00. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Statnett vil vere til stades og orientere om planane. Møta er ope for alle.

Kommune	Dato	Dag	Kvar	Adresse
Sauda kommune	10. mars	Måndag	Sauda klubb	Wergelandsveien 48
Vindafjord	11. mars	Tysdag	Ølen kulturhus	Dreganesvegen 40
Tysvær	12. mars	Onsdag	Tysværtunet kulturhus	Aksdalsvegen 157

### Informasjon til kommunane og regionale myndigheter

NVE vil halde orienteringsmøte om tiltaka med dei aktuelle kommunane. Vi håpar på brei deltaking både frå den politiske leiinga og administrasjonen i kommunen, under dette representantar for det faste utvalet for plansaker. Tid og stad for møta blir avtalt direkte med kommunane. Representantar frå Statsforvaltaren og Fylkeskommunen er òg inviterte, og blir bedne om å kontakte NVE ved ynskje om deltaking.



Vi ber kommunane om å leggje meldingane ut på internetsidene sine og ev. Facebook-sider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar mfl. om meldinga.

## Kva er ei melding?


Ei melding er ei tidleg varsling av eit tiltak og gjev ei overordna beskriving av ein utbyggjar sine planar med vurdering av moglege verknader for omgjevnadane. Vidare blir det gjeve eit forslag til kva konsekvensutgreiingar utbyggjar meiner må gjennomførast før det kan søkjast om konsesjon seinare i prosessen. Dette blir kalla eit utgreiingsprogram.

Føremålet med meldingane er å gje dei som kan bli påverka av tiltaket informasjon om planane, samtidig som desse får høve til å kome med fråsegn og innspel til kva som bør greiast ut vidare. På bakgrunn av meldinga, og innkomne høyringsfråsegner, vil NVE fastsetje endelige krav til kva konsekvensutgreiingar som må gjennomførast.

Ønskjer du meir detaljert informasjon om kva ei melding er, så kan du finne dette her: [Utforming av melding om nettanlegg](#).

## Om meldinga

Tiltaket inneber to om lag 70 km lange 420 kV kraftleidningar frå Sauda transformatorstasjon til Gismarvik transformatorstasjon. Statnetts melde trasear er vist i figur 1. To eksisterande 300 kV leidningar på same strekning, som er gamle og har låg overføringskapasitet, vil bli rive når dei nye leidningane blir satt i drift. Tiltaket påverkar Sauda, Vindafjord og Tysvær kommunar i Rogaland og Etne kommune i Vestland fylke.



Figur 1: Oversiktskart over Statnetts melde trasear.



## Kva slags innspel ønskjer NVE i samband med høyringa?

Gjennom høyringa av meldingane ønskjer NVE spesielt innspel på følgjande:

- Manglar i Statnetts forslag til konsekvensutgreiingar (utgreiingsprogram), eksempelvis tema eller spesielle lokale forhold som ikkje er ivareteke og metodar som bør nyttast til særskilde tema i utgreiingane.
- Innspel til Statnetts melde leidningstrasear
- Om det er nye trasear som bør greiast ut utover dei som er melde

Det er først etter høyringa av konsesjonssøknadene seinare i prosessen NVE vil ta stilling til om Statnett skal få lov til å byggje kraftleidningane. Vi gjer derfor merksame på at innspel for eller mot tiltaka, under dette behovet for tiltaka, er mindre relevante i denne høyringa.

## Korleis kan høyringsfråsegn sendast inn?

Du kan sende inn høyringsfråsegn til tiltaka via NVEs nettside [www.nve.no/20434/A](http://www.nve.no/20434/A). Det er også mogleg å sende fråsegner på e-post . Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202412920. Hugs å oppgje namn og eventuelle organisasjonsnummer i innleiinga.

Høyringsfråsegn kan også sendast per brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Høyringsfråsegner må sendast til NVE innan 4. april 2025.

## Har du spørsmål om saka?

Spørsmål om Statnetts planar kan rettast til prosjektleiar Kjetil Helland, tlf. 239 04 151, e-post [kjetil.helland@statnett.no](mailto:kjetil.helland@statnett.no) eller kommunikasjonsrådgjevar Marianne Veggeberg, tlf. 239 04 165, e-post [marianne.veggeberg@statnett.no](mailto:marianne.veggeberg@statnett.no).

Opplysningar om NVEs sakshandsaming kan rettast til sakshandsamar i NVE Ingrid Maria Bik, tlf. 22 95 98 09, e-post [imbi@nve.no](mailto:imbi@nve.no).

Med helsing

Ingrid Myrtveit  
seksjonssjef

Ingrid Maria Bik  
førstekonsulent

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

## Mottakarliste:



STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
Den Norske Turistforening  
Natur og Ungdom  
SAUDA KOMMUNE  
TYSVÆR KOMMUNE  
VINDAFJORD KOMMUNE  
ETNE KOMMUNE  
NORGES NATURVERNFORBUND  
Birdlife Norge  
Fortidsminneforeningen  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Natur og Ungdom Vestland  
JAKOB HATTELAND KJEMI AS

**Kopimottakarliste:**

STATNETT SF